



VINNARAR: Sindre Refvik (19) frå Vågsøy.

Sindre (19) vart kåra til årets lærling

VÅGSØY: Sindre Refvik (19) frå Vågsøy er kåra til «Årets lærling» i bygg- og anleggsbransjen på Vestlandet. Tittelen delte han med ein lærling frå Stord.

IDAR STADHEIM
idar.stadheim@firda.no

Sindre Refvik er tømmerlærling i UNU AS, medan Martin Aad-

land Vad, som også vann tittelen, er lærling i Engelsen Bygg.

Refvik var elev på Vågsøy vidaregåande skule og starta læretida i UNU i fjor haust. Til sommaren skal 19-åringen ta fagprøva.

I læretida jobbar Refvik i prosjekt med tilbygg og rehabilitering. - Å bli «Årets lærling» gjer meg både stolt og glad, seier Refvik i ei pressemelding.

Målet er å gå vidare på teknisk fagskule eller å ta høgskuleutdanning for å bli ingeniør.

Premien til vinnarane er 10.000 kroner og eit diplom. Dette vart delt ut på eit arrangement i regi av Entreprenørforeningen Bygg - Anlegg, Vesten-fjelske avdeling.

Refvik får også svært gode skottsmål av sin arbeidsgjevar: - Han er ein av dei beste lær-

lingane vi har hatt, seier prosjektleiari og medeigar i UNU, Kent Rune Bugjerde.

- Sindre kombinerer ein genuin interesse for tømmerfaget med gode sosiale ferdigheiter. Han har sterkt fokus på HMS og førebygging av skader, og er sterk på dokumentasjon. Han er ein lærling som kan nå langt uansett kva veg han vel vidare, seier Bugjerde.

Helse- og sosialsjef Kurt Even Andersen:

- Vil sjå på rutinanane

FØRDE: Kurt Even Andersen, helse- og sosialsjef, seier dei ikkje hadde bekymring kring den omkomne demente 82-åringen. - Ho kunne gå fritt.

ASTRID IREN SOLHEIM KORSVOLL
astrid.iren.solheim@firda.no

- Dette er ei veldig trist hending, seier Kurt Even Andersen, helse og sosialsjef i Førde kommune.

Han seier at dei enno ikkje veit kva som har skjedd eller om dei kjem til å få svar.

- Ho var mykje på farten

82 år gamle Jorunn Molnes blei meldt sakna fredag kveld klokka 23.00.

Molnes var dement og budde på omsorgsbustaden Pensjonistheimen, der bebuarane får ulik grad av hjelp og tilsyn.

Det var under eit tilsyn fredag det blei oppdaga at 82-åringen ikkje var i heimen sin.

Leitemannskap leita heile helga, men søndag ettermiddag blei Molnes funnen død i sjøen ved Hornnes.

- Ho var ei dame som fekk gå fritt. Ho likte å gå på butikken og besøke folk, ho var mykje ute på farten. Vi hadde jamleige tilsyn og gjorde avtaler med henne, seier Andersen.

- Kvinna var dement, men var vurdert slik at ho fekk styre livet sitt sjølv. Vi hadde ikkje noko bekymring kring situasjonen hennar.

Vil gå igjennom rutinanane

Politiet fekk melding om hendinga klokka 23.00 fredag kveld. Kor tid det var tilsyn på omsorgsbustaden og forsvinninga blei oppdaga, kjenner ikkje Andersen til.

- Dei tilsette leita ei stund først før dei varsla politiet.

Andersen seier dei vil gå igjennom rutinanane sine etter den tragiske hendinga:

- Denne saka er tøff for dei pårørande og hjelpeapparatet rundt. Det er svært tragisk. Vi må ha ei evaluering, men i utgangspunktet var kvinna vurdert slik at ho kunne gå fritt. I



GJENNOMGANG: Kommunalsjef Kurt Even Andersen seier dei vil gå igjennom rutinanane sine etter at ei dement 82 år gammel kvinne blei funnen død.

FOTO: SIGURD LØSETH

denne saka har vi følgt våre eigne rutinar.

Hadde ikkje sporing

Kvinna hadde ikkje noko form for sporing på seg som GPS.

- Det finst mange grader av demens og vi må heile tida vurdere situasjonen til brukarane. I utgangspunktet ønske vi at folk skal få leve så fritt som råd når det er mogleg.

- Har det hatt liknande saker før i Førde?

- Nei, ikkje som eg kjenner til, men det har vore tilfelle der eldre med demens har vore vekke i kortare periodar.

Ifølge Andersen vil mange folk med demens bu heime hos dei pårørande lengst mogleg.

- Det er ulik form for teknologi som sensorar og GPS som gjer det mogleg. Det kan gi ein tryggleik og ein fridom til dei

demente utan at dei pårørande må stenge dei inne. Samstun-

des kan det også vere krevjande å passe på om det blir mykje uro

og for nokre blir sjukeheimplass neste steg.



LEITEAKSJON: Fredag kveld og heile helga var det full leiteaksjon etter den sakna 82-åringen. Ho blei funnen død søndag.

FOTO: STIG ROGER EIDE